

JAN KLØVSTAD

# DEI SJØLVSTYRDE OMRÅDA I NORDEN

## Politikk og økonomi i 2022

Alvorlege tal frå klimaforskarane og auka politisk spenning i Arktis har ført til nye utfordringar for Færøyane og Grønland, særleg for Grønland. Det har også vore val eller endringar i det politiske leiarskapet i alle tre områda.

Jan Kløvstad er sekretær i den norske avdelinga av Letterstedtska föreningen, og har tidlegare vore direktør for Nordens Hus på Færøyane og Katuaq – Grønlands kulturhus.

## Færøyane

### *Nå er også kvinnene med i den politiske leiinga*

Aksel V. Johannessen, Javnaðarflokkurin, er ny statsminister, lagmann, på Færøyane etter at Bárður á Steig Nielsen frå den liberale Sambandsflokkurin skreiv ut nyval. Til slutt gjekk á Steig Nielsen lei av solospelet til utanriksminister og kulturminister Jenis á Rana i Miðflokkurin. Etter valet 8. desember blei det eit litt meir likestilt lagting med ti kvinner av dei 33 representantane. Javnaðarflokkurin, Tjóðveldi og Framsókn danna landsstyre, med fire kvinner og fem menn. Den avgåtte regjeringa var Europas einaste med berre menn. Med Bjørt Samuelsen frå Tjóðveldi som lagtingsforkvinne ser vi nå den jamnaste kjønnsfordelinga i historia på toppen av færøysk politikk. Samuelsen er utdanna i ernæringsvitskap og journalistikk, og har blant anna arbeidd i *Aftenposten* og *NRK* i Norge før ho flytta heim til Færøyane i 2000. Partileiar Ruth Vang i liberale Framsókn er ny finansminister, og Høgni Hoydal i lausrivingspartiet Tjóðveldi får ansvar for utanriks- og næringspolitikken. Nytt er også eit eige Miljødepartement, med Ingilín Didriksen Strøm, Javnaðarflokkurin, som minister.

### *Redusert overføring frå Danmark, meir ansvar*

Først leia Aksel V. Johannessen forhandlingar der Sambandsflokkurin var med. Men den avgåtte statsministeren Bárður á Steig Nielsen takka nei fordi kravet om reduksjon av dei årlege overføringane frå Danmark var for stort til at partiet fann det forsvarleg. Dermed kom ein av valtparane, Tjóðveldi, inn i regjeringa. Nå skal det såkalla blokktilskotet bli redusert med 25 millionar

kvart år i komande fireårsperiode. I 2001 gjorde Lagtinget vedtak om ein reduksjon frå 954 mill DKK til 628 mill DKK, og tok over ansvaret for helse- og omsorgsbudsjettet. Nå vil dei bli enda mindre avhengige av dansk økonomisk støtte. I regjeringsgrunnlaget står det at Færøyane skal ta over ansvaret for fyrvesenet, epidemi-lovgivinga og luftrommet. Det vil seie at Færøyane får inntekter av flytrafikk i færøysk luftrom. Råderett over luftrommet vil etter mange si meining også omfatta spørsmålet om radar. Færøyane vil ha større råderett i utanrikspolitikken.

Store saker i 2022 var gjenoppbygging av ein radar som del av det vestlege forsvars- og etterretningssystemet, ny fiskeriaftale med Russland og harde verdidebattar om barn av lesbiske par skal kunne få namn etter begge mødrene sine. Det første den nye justis- og innanriksminister Bjarni Kárasen Petersen gjorde, var å be biskop Jógvan Fríðriksson nå inkludere medforeldre i den del av kyrkjeboka som handlar om etternamn. – «Eg er glad for og letta over, at vi nå endeleg har fått løyst dette», sa biskopen til *Kringvarp Føroya* (færøysk radio og fjernsyn).



Det blir varmare utan bloktilskud (overføring-ar) frå Danmark, seier den nye finansministeren Ruth Vang frå Framsókn. Med i julegryta er den nye regjeringssjefen, sosialdemokraten Aksel V. Johannessen, mens utanriksminister Høgni Hoydal, Tjóðveldi, er klar til å hoppe oppi. Teikning Jens Klæmint Jacobsen.

*To nye politiske stjerner*

Som nemnt i artikkelen om 2021 blei den konservative Folkaflokkurin nesten sprengt på ultimatumet frå á Rana og Miðflokkurin om å seie nei til likeverdige rettar for homofile. Folkaflokkurin gjekk til val med den tredje partileiaren på mindre enn eitt år. Men den 25 år gamle Beinir Johannessen klarte å samle partiet såpass at det slapp unna med eit langt mindre tap enn alle trudde, mindre enn ein månad etter at han tok over leiinga av partiet. Beinir blei berre slått av den nyvalde statsminister Aksel V. Johannessen og fekk nest flest personlege stemmer. 19 år gamal blei Beinir Johannessen kommunestyremedlem i Klaksvík, og 22 år gamal den yngste i historia som lagtingsmedlem i 2019. Den andre store personlege vinnaren av valet er Ruth Vang, leiar i Framsókn, som gjekk fram frå to til tre mandat. Vang blei sittande på vippen og kunne diktere regjeringsforhandlingane.

Også i folketingsvalet 31. oktober blei kvinnene styrka. Sambandsflokkurin blei største parti med 30,2%, og 26 år gamle Anna Falkenberg fekk 2973 personlege stemmer. Det er fleire stemmer enn bestefar Edmund Joensen, som ho tok over folketingsplassen frå. For første gong sidan 2001 fekk ei færøysk kvinne plass i Folketinget. Anna Falkenberg er medlem i den viktige utanrikskomiteen, som den første færøying. Ho har fleire års erfaring frå Ungdommens Nordiske Råd og Nordens Liberale Ungdom. Sjurður Skaale blei attvalt for Javnaðarflokkurin, med imponerande 3804 personlege stemmer.

*Kraftig vekst, men mørke skyar*

Det meste går framover på Færøyan. Samfunnet kom seg godt gjennom koronapandemien med 28 døde. Det er nest best i Norden. Berre Grønland hadde færre dødsfall i forhold til folketalet. Det er sterk vekst i økonomien, med overskot på 138 millionar DKK i landskassa i 2021. I 2022 har det gått enda betre kunne Bárður á Steig Nielsen fortelje i ein samlande og optimistisk tale da Lagtinget opna under Olsok 29. juli. Han tok utgangspunkt i eit høgsommardikt av Ismar Joensen for å illustrere kor godt det står til, med rekordhøg eksport og vekst. 500 fleire kom i arbeid i løpet av 2021, kunne Hagstovan (Statistisk sentralbyrå) melde. Berre rundt 0,7% er utan arbeid. Á Steig Nielsen ville ikkje slå seg til ro. Han peika på viktige oppgåver framover, som store investeringar i grøn el-forsyning med vindkraft og varme frå havet og berggrunnen. Regjeringsbygga på Tinganes i Tórshavn skal nå varmest opp frå havet, og det er lagt fram planar for ei enorm investering på 50 milliardar DKK i havvind aust for Nolsoy.

Han tok samtidig opp mørke skyer med energiprisar, matvareforsyninga frå utlandet og invasjonen i Ukraina. Dei første 30 ukrainske flyktningane kom søndag 10. april. Onsdag 13. april fekk dei opphalds- og arbeidsløyve, og tredje påskedag 17. april var dei første ukrainarane i fast arbeid.

At Færøyane fornya fiskeriatvanten med Russland seinhaustes, vakte oppsikt i Danmark. Færøyane har valt om lag same forholdet til fiskerisamarbeid med Russland som Norge har gjort. På Færøyane blei den nye fiskeriatvanten etter kvart nesten samrøystes godtatt i det politiske miljøet.

## Grønland

### *Arktis er kanarifuglen*

«Arktis er kanarifuglen i klimagruva. Det som skjer her viser oss mykje om korleis framtida blir lenger sør», meldte forskaren Jostein Bakke ved Universitetet i Bergen etter deltaking på eit større internasjonalt forskingsprosjekt i Nordaust-Grønland sommaren 2022.

Forandringane som skjer i steinørkenen ytst i verda bør få alarmen til å gå, meiner forskarane. Ting har aldri endra seg så fort som no. Midt i juli kunne forskarar frå Vitskaps- og Observasjonssenteret ved Colorado University og University of Texas melde i *CNN* at 18 milliardar tonn is frå innlandsisen var smelta i dagane 15.-17. juli. Det er nok vatn til å dekke staten Vest Virginia med 30 cm vatn, skreiv dei amerikanske forskarane. Omsett til Norden vil det seie at heile Danmark ville stå 45 cm under vatn. I juli blei det målt 19,8 gradar nordaust i Grønland, det høgste nokon gong. I Nuuk var gjennomsnittstemperaturen i november og desember 9 gradar over det normale for dei siste 30 åra.

Avisa *Sermitsiaq* i Nuuk skreiv i ein leiarartikkel 18. februar: «Her er det utrolig viktig, at politikerne, de ansvarlige, dem der laver lovgivningen er bevidste om, hvad klimaforandringernes konsekvenser gør ved vores ældgamle fangstmetoder og fangernes og fiskernes måde at leve på. Lad dem være med til at tage ansvar for deres liv og deres erhverv, som er ved at forsvinde, lad dem være med i beslutningerne om, hvad der skal ske med deres liv, hvor omgivelserne og naturen ændrer sig så markant og mærkbart i disse år.»

Danmarks Meteorologiske Institutt og Nationalt Center for Klimaforskning presenterte ein ny klimastudie i slutten av desember. Den viser at temperaturen i havet i heile Arktis i gjennomsnitt er blitt 4,5 gradar varmare i perioden 1982-2021. Størst er stigninga aust for Svalbard, der havoverflata er blitt heile 10 gradar varmare.

### *Inatsisartut stod samla*

For andre år på rad er statsbudsjettet (Finansloven) samrøystes vedteke i slutten av november. Alle partia i Inatsisartut (Landstinget) underteikna avtalen, og fleire observatørar i Grønland kallar det ein historisk bedrift. I tillegg til dei store linjene, har kvart parti fått med kvar sine merkesaker. For Inuit Ataqatigiit var auka innsats for ungdom og utdanning avgjerande, for sosial-demokratiske Siumut var forbetringar i pensjonane viktig. Nalaraq (utbrytarparti frå Siumut) peika på at heile landet er med, sentrumspartiet Demokratiit var glad for fjerning av avgifter på kjøtt og andre daglegvarer. I eit langstrakt land med store avstandar peika Atassuts talspersonar på den nye ordninga med at det offentlege vil betale for transport av avdøde menneske.

Regjeringssjef Múte B. Egede og IA gjekk lei av Nalaraq, og inviterte Siumut i regjeringa i april. Dei to største partia har 18 av 33 representantar i Inatsisartut, og danna Naalakkersuisit (regjering) med seks ministerpostar til IA og fire til Siumut. Siumut fekk både Vivian Motzfeldt som utanriksminister, partileiar Erik Jensen som ansvarleg for bustadar og infrastruktur, og i tillegg den tidlegare partileiaren Kim Kielsen som leiar i Inatsisartut; dvs. landstingsformand.

IA vann valet i 2021 blant anna på motstand mot uranutvinning i Sør-Grønland, og Siumut tar ikkje opp saka igjen. Viktige punkt i det nye regjeringsgrunnlaget er å lage ein analyse av Parisavtalens konsekvensar for Grønland, forbetring av levkåra for eldre og pensjonistar (som berre eit halvt år seinare blei konkretisert i budsjettet), og at grønlandsk språk skal ha forrang i arbeidet i heimestyreadministrasjonen. Likeeins at arbeidet med den komande fiskerilova blir gjort på ein inkluderande måte, medan ei ny lov om turisme for å styrke lokale inntekter også kom på plass. Det handlar om å ta nye steg i retning større sjølvstyre og inntekter for Grønland.

Mot slutten av året kom to viktige vedtak som styrkar grønlandsk økonomi. Grønlandske firma tar over kontraktane for service og vedlikehald av den amerikanske ambassaden i Thule, og Grønland tar også over ansvaret for og inntektene av all lufttrafikk. Desse nyordningane vil gi mange arbeidsplassar og auka inntekter både for enkeltmenneske og landskassa. Ein ny kontrollsentral for luftrommet vil gi omkring 100 arbeidsplassar når den er i full drift frå 2030. Thulekontrakten er på 27,7 milliardar danske kroner over 12 år. Grønlands landskasse får skatteinntekter av kontrakten, og det er sikra både arbeidsplassar og lærlingekontraktar til grønlandarar.

Det var sterk irritasjon i grønlandsk politikk etter at eit fleirtal i Folketinget utan å konsultere Grønland i mars vedtok ein ny forsvarsavtale. Men innhaldet var viktig for Grønland, med styrking av forsvaret etter Russlands angrepskrig mot Ukraina, eit større dansk bidrag til NATO og styrking av forsvaret

omkring Grønland. I løpet av sommaren var Grønland og Færøyane kome med, og det er danna eit eige kontaktutval for sikkerheit og forsvar. Blant anna har Grønland og Danmark vedtatt ei «arktisk kapasitetspakke» med utdanning i Kangerlussuaq, overvaking av grønlandsk luftrom og fleire andre viktige tiltak.

Grønland og Island har vedtatt ein ny fiskeriatvtale. I eit samarbeid mellom Canada og Grønland/Danmark er det blitt semje om ei ny delelinje og samarbeid om ressursar mellom Canada og Grønland utanfor Grønlands sørvestre kyst.

#### *Unge folketingsmedlemmer fekk ny periode*

Både Aaja Chemnitz (IA) og Aki-Matilda Høegh-Dam (Siumut) blei attvalde til Folketinget ved valet 1. november. Chemnitz blei valt første gong i 2015, og fekk nå 24,6% av stemmene. Høegh-Dam og Siumut gjekk fram med 8,2% til 37,6%. Aki-Matilda Høegh-Dam er berre 26 år gamal, og blei første gong valt i 2019. Særleg Aaja Chemnitz var aktivt med i regjeringsforhandlingane etter folketingsvalet, og støtta den nye danske regjeringa sjølv om IAs formelle danske søsterparti SF ikkje blei med. Begge dei grønlandske medlemmene er nå varamedlemmer i utanrikskomiteen, og regjeringsgrunnlaget er meir prega av grønlandske interesser enn i tidlegare periodar.

Regjeringssjef Múti B. Egede blei også lagt merke til utanfor Grønland, og fekk ei heidersutmerking frå den høgt respekterte tenketanken Wilson Center i Washington for godt leiarskap og viktig innsats for demokrati og klima.

#### *Mange barn har det vanskeleg*

Aviaja Egede Lynge tok over som barneombud i 2015. Egede Lynge er uroleg for det ho møter av sosial kontroll og usunne makt-hierarki særleg ute i dei små bygdesamfunna. Vaksne dekkjer over vaksne, så overgrep og svikt blir hemmelege og blir ikkje avdekka. Dette traumelandskapet er ei skuggeside av det kollektive samfunnet. Den mørke sida er at mange barn opplever utrygg oppvekst, og at trauma har ført mange inn i frykt. Talet på sjølv-mord er langt høgare enn i alle andre nordiske samfunn.

## Åland

### *Havari i revisjonen av sjølvstyrelova*

Åland hadde klart seg godt igjennom dei første to åra av pandemien. Men like før jul i 2021 kom det ei kraftig smittebølge, og heile Åland blei stengt i mange veker. Dette svekka sjølvtsagt økonomien i reiselivet og andre næringar i lengre tid.

I august gjekk Ålands Framtid ut av landskapsregjeringa og i oktober følgde Hållbart Initiativ etter. Regjeringa med Centern, Moderaterna og Obunden Samling har likevel fleirtal med 17 av dei 30 mandata i Lagtinget bak seg. Mens det har vore endringar i regjeringane nesten kvart år i Grønland, er dette sjeldan i ålandsk politikk. Dette er tredje gongen sidan 2000 at det har vore endringar i perioden. Regjeringa kan nok bli plaga med den avbestilte hybridferja som Åland tapte meir enn ti millionar euro på. Også den planlagde 10,5 km lange undersjøtunnelen til dei 500 innbyggjarane på Föglö blei stoppa gjennom eit fleirtalsvedtak i Lagtinget i desember. At regjeringa fekk fleirtalet mot seg i budsjettvoteringane i desember, tyder på at mange posisjonerer seg fram mot valet i oktober 2023.

### *Sjølvstyrebremers*

100-årsjubileet skulle vere eit merkeår for auka sjølvstyre, gjennom revisjon av sjølvstyreloven. Heilt sidan 2010 har det vore forhandlingar. Ålandske politikarar meiner dei har redusert ambisjonane, men at det likevel ikkje har vore nok velvilje frå finsk side. Det handlar blant anna om forholdet mellom den finske grunnloven og den ålandske sjølvstyreloven. Men framstega sett frå ålandsk side kom ikkje. 5. september blei heile revisjonsarbeidet lagt på is. Ein ny sjølvstyrelov må godkjennast i to påfølgande riksdagar fordi det vil føre til endringar i grunnloven. Havariet nå kan utsette den revisjonen Åland hadde håpa på heilt til 2028. Lantråd Veronica Thörnroos, Centern, meinte likevel at det skal vere mogleg å finne midlertidige løysingar i starten av 2023.

Mange arbeidsplassar på Åland er avhengig av båttrafikken mellom Sverige og Finland og den spesielle og lønsame posisjonen Åland fekk da Finland medrekna Åland blei EU-medlemmer. Men kva vil skje med båttrafikken nå når ruta mellom Kapellskär i Sverige og Mariehamn er lagt ned? Det er mange på Åland spente på. Vil mange nok reise den litt lengre ruta over Grisslehamn – Eckerö?

Klimautsleppa på Åland er høgare enn gjennomsnittet Finland. Målet i Parisavtalen er 1,5 tonn utslepp pr innbyggjar pr år. Gjennomsnittet i Finland er 5,9 tonn, på Åland 6,9 tonn. Det er den store båttrafikken som gjer at tala for Åland er så høge.

*100-årsfeiring både i 2021 og 2022*

«Här vill jag leva, här vill jag bo» var mottoet for 100-årsfeiringa, som grunna pandemien måtte utvidast med eitt år. Under jubileet har det vore store satsingar for å vise fram kvaliteten i kulturlivet på Åland, marknadsføre Åland som turistdestinasjon, markere arven etter 100 år som demilitarisert sone med sterke fredsinitiativ, ei rekke med seminar og framtidsverkstader, bøker, konsertar – og ikkje minst ein populær musikal om Julius Sundblom (1865-1945), sjølv «Ålandskungen». Sundblom var ein av initiativtakarane for Ålandsrörelsen som har lagt grunnlaget for mykje av dagens Åland, som sjølvstyret og det svenske språkets stilling. Åland produserer 70% av alle eple i heile Finland. Dette blei markert ved at epletre frå Åland blei planta i alle 106 byar i Finland. Og sjølv sagt blei Ålands-pannkakan kåra som hundreårets ålandske matrett. På sjølvstyredagen 9. juni kom kong Carl Gustaf og dronning Silvia og president Sauli Niinistö og fru Jenni Haukio til Åland, på det første offisielle svenske kongebesøket sidan Ålandsspørsmålet blei avgjort for 100 år sidan. Det var symbolsk at Sveriges kongepar og Finlands presidentpar møttest i Mariehamn, og markerte at Ålands demilitariserte og nøytraliserte status skal bestå også i det nyutvida NATO.

Både i Finland, Sverige, i Den Haag og internt på Åland blei jubileet brukt til å vise Åland som ei internasjonal inspirasjonskjelde for fredeleg konflikthandtering. Åland skal vere øyriket for demokrati, fred og berekraft og møteplass for freds- og klimakonferansar og andre internasjonale toppmøte. I juni fekk Åland ei utgåve av Carl Fredrik Reuterswärd's skulptur *Non-Violence*, revolveren med knute på løpet som er blitt eit fredssymbol over heile verda. Ei utgåve står utanfor FN-bygget i New York. I Mariehamn har den symbolsterke skulpturen fått plass ved Lagtingsbygget. På årets siste dag var heile veggen på Lagtinget i Mariehamn lyst opp i gult og blått, i solidaritet med Ukraina.